

Podkast om lesesirklar med Camilla Sørbye og Elisabeth Bergstrøm.

I podkasten møter vi Camilla Sørbye, som arbeider ved Viken fylkesbibliotek og tidlegare har hatt kurs om lesesirklar. Ho er i Kongsberg for å snakke med biblioteksjefen der, Elisabeth Bergstrøm. Elisabeth har prøvd ut vanlege lesesirklar og testa digitale lesesirklar under korona-epidemien.

-Ein lesesirkel er ein svært meiningsfull måte å snakke saman om litteratur og knyte kontakt mellom folk på staden og bibliotek, seier Elisabeth.

-Som tilsett får ein bruke litteraturinteressa si og prøve ut det å arrangere.

Oppstart av fysisk lesesirkel

-Kva var det første du gjorde då du skulle starte med lesesirkel?, spør Camilla.

- Vi inviterte til ein orienteringskveld, og vi marknadsførte det på sosiale media. Det kom ein del folk for å høyre om tilbodet. Vi laga ein plan for kva vi skulle lese det neste halve året. Planen vart lagt ut på nettsida og Facebook.

Lesesirkelen er open og utan påmelding. Etterkvart har det etablert seg ei fast gruppe med folk, og nokre kjem innom av og til. No er det 10-12 deltakarar. Om det blir meir enn 15, kan det vere ei utfordring å la alle komme til orde.

I starten var vi ikkje alltid så mange, det kunne vere rundt seks personar, og ein gong var vi to. Men det er viktig å la tilbodet og den sosiale strukturen få tid til å bygge seg opp. Det får ein ikkje på det første halve året.

Vi møttest ein kveld i månaden heile året utanom juni og juli. Sirkelen varar i ein time, av og til opp mot halvannen. Nokre deltakarar møttest før eller etter sirkelen, og biblioteket er meirope. Eg ser at dei anbefalar bøker for kvarandre. Det er ein artig tilleggseffekt.

Forventningar

-Enkelte kan kjenne eit press om å prestere når dei skal snakke om ei bok. Kva forventningar har de til deltakarane?, lurar Camilla på.

-Vi har ei forventning om at dei har lese boka. Av og til lar vi folk komme innom for å sjå kva lesesirkelen er.

Deltakarane kjem med dei litterære erfaringane og preferansane dei har. Kan hende at enkelte opplever manglande litteraturkunnskap som ein barriere og difor ikkje vert med i gruppa, men det kjenner eg ikkje til.

Å velje bøker

-Korleis vel de ut bøkene?, spør Camilla.

-I starten var det vi som gjorde det. No tek eg med ein bunke bøker på det siste møtet i perioden, og vi set av ei tid til å velje bøker for det neste halve året. Det hender at det kjem forslag om andre titlar enn dei eg har med. Eg liker at vi er saman om å velje bøker, og då kan eg oppdage noko nytt.

Det bør vere bøker med litt motstand, utan at det vert for sært. Alle kan vere einige om at ei bok i «feel-good-sjangeren» er god, men kan hende er det ikkje så mykje å snakke om.

Vi vil at folk skal sleppe å kjøpe bøker, og vi tilbyr fjernlån til lesesirkelen, og så kjøper vi inn dersom

det er billige pocketbøker. Vi vel sjeldan i dei nyaste bøkene.

Nokre kan ha dårleg tid til å lese, og eg vel helst bøker som ikkje er over 150 sider, men med unntak. Til dømes las vi «Koke bjørn» av Mikael Niemi, på over 400 sider, men då hadde vi sommaren til å førebu henne.

Vi har lese flest romanar og nokre noveller. Vi kunne godt ha diskutert sakprosa innimellom.

Leiarrolla

-Kan du seie meir om leiarrolla?

-Eg tenker at det er naturleg at biblioteket leiar lesesirkelen når vi inviterer. Der kan vi velje to vegar, anten stille oss utanfor lesesirkelen og legge til rette for at deltakarane kan samtale om boka, eller som eg har valt: vere med i diskusjonen. Eg gjer det fordi det passar best for meg. Begge dei to vegane kan fungere bra. For nokre er det gjerne lettare å berre vere arrangør.

Ofte stiller eg eit spørsmål og sender det rundt. Til dømes kva dei tenker om tittelen på boka. Eg begynner alltid med å spørje om folk har likt eller ikkje likt boka, utan grunngeving, den delen tek vi seinare.

I løpet av samtalen kan folk endre syn på boka og sjå nye sider av teksten, fordi folk les ulikt. Det er noko av verdien av lesesirkel.

Utbytte av lesesirkel

Vi har oppretta ei Messenger-gruppe, og alle får tilbod første gongen dei kjem om å vere med der. Der diskuterer vi og anbefaler bøker.

Eg sendte ut spørsmål om kva utbytte folk har å vere med i lesesirkelen, og her er nokre av svara: «Eg kan sjå boka med nye auge», skriv ein. Ein anna deltakar skriv: «Eg liker godt at eg kan sette ord på kjensler og tankar etter å ha lese ei bok. Ofte opplever eg at boka blir tydlegare, fordi eg veit at eg seinare skal snakke om henne.»

Ein tredje skriv: «Eg kan ofte bli forundra over at andre les heilt andre ting inn i teksten, og det er spennande.»

Deltakarane legg vekt på det sosiale med small talk og anbefalingane dei får frå andre. At det er ein open lesesirkel er positivt, slik at det er lett å få innpass i gruppa. Her er alle velkomne, uansett kva sosiale sirklar dei er med i.

I bøkene blir det tatt opp mange tema, også vanskar som vi kan ha. Litteraturen kan bli ein inngang til å snakke om livet, via personar i bøkene. Og vi kan få opp ulike blikk på det som hender.

Mat og drikke?

Eg lagar te og set fram vatn og kjeks. Av og til frukt. Deltakarane tek med noko av og til. Men på eit lågt nivå, og det er ikkje i fokus.

Erfaringar frå den digitale lesesirkelen

Våren 2020 blei vi ein digital lesesirkel. Vi brukte først Messenger, men i den versjonen vi brukte, kan ein berre vere åtte personar. (I nyskapinga Messenger Rooms kan ein ha opp til 50 deltakarar). Vi landa på Teams og har hatt tre digitale lesesirklar.

Deltakarane har vore godt vaksne, 60 år pluss. Nokre hadde vanskar med å installere og få til det tekniske, men folk kunne hjelpe kvarandre. Alle kom med, sjølv om det var litt ulike kjensler av å vere komfortabel med det digitale.

På spørsmål om korleis det har gått, var det generelle svaret at dei føretrekker å møtast på biblioteket, men det har gått greitt.

Vi har også ein lesesirkel for ungdom. Sjølv om vi trur at dei er veldig digitale, ville dei heller vente til lesesirkelen kunne starte fysisk på biblioteket igjen.

Det med digital eller fysisk lesesirkel ... det kan vere andre ting som spelar inn: Folk kan bu langt unna, åleineforeldre som ikkje kan gå frå sovande barn, eller det kan vere psykiske og fysiske utfordringar og vêr- og føreforhold. Slike ting kan legitimere ein digital lesesirkel. For nokre kan det vere ein digital lesesirkel eller ikkje noko tilbod.

Bøkene på digitale lesesirklar.

Vi miksar med e-bøker og fysiske bøker og lydbøker. Vi hadde klar liste over bøker, så hadde vi alt skaffa oss ein del eksemplar. Fjernlånet var stengt, men vi hadde nok bøker og «ta med heim-bibliotek». Og vi kunne supplere ved å kjøpe inn. Dersom deltakarane ikkje skulle vere innom biblioteket, måtte vi kan hende berre bruke e-bøker.

Samtaler på nett

-Kanskje treng vi å øve oss på digitale lesesirklar, slik at dei blir betre etter kvart, likt som møtene våre på Teams?, spør Camilla.

-Det er større utfordringar å få alle med. Eg trur at det er viktig at folk sit med kamera på, slik at vi ser kvarandre og kan gje teikn. Vi kan ta runden rundt bordet på fleire tema, seier Elisabeth.

-Eg har snakka med Veronica Salinas om digitale lesesirklar, og ho oppfordrar deltakarane til å engasjere seg og gje synleg respons. Elles kan ein få kjensle av å snakke ut i eit tomrom, seier Camilla.

-Ja, det er ei påminning om kor mykje vi les ut av det å sjå kvarandre, svarar Elisabeth, og ho seier vidare:

-Likt som vi erfarer på våre digitale jobbmøte, kan det vere lett at nokon fell ut av ein digitalt lesesirkel. Terskelen for å delta er høgare. Vi kjente kvarandre godt frå før, slik at det var ein fordel og vi kunne snakke friare. Eg følte at vi kom like djupt inn i boka som under fysiske møte.

Dersom vi skal starte opp ein lesesirkel som er digital frå starten, kan det vere bra å ha ein samtale om måten vi kan skape det sosiale rommet.

Camilla viser til eit forsøk på med lesesirkel på chat på den tida då vi ikkje hadde like mange verktøy som no. Nina Ström fann ut at for ein del var det ei god form, men at dei ikkje kom like djupt inn i samtalen som når det var munnleg (ho har tidlegare skrive om lesesirklar under namnet Nina Frid).

I den munnlege samtalen er det lettare å vende tilbake til noko som vart sagt tidlegare, og det kan vere klargjerande. Det er ein skilnad på å forme tankar til skrift frå å snakke, slik at det for mange er enklare å ha munnlege lesesirklar. Då kan ein sjå ansiktsuttrykka til kvarandre.

-Men igjen, folk er forskjellige. Nokre synest at det er vanskeleg å ta ordet i ei forsamling, og då kan ein chat vere betre. Vi veit nokre som har vanskar med å snakke, kan ha eit stort digitalt nettverk. Slik at det er ulike fora for ulike behov. Dette kunne vi hatt meir erfaring om, og det kunne vore forska på!, seier Elisabeth.

Råd om å starte lesesirkel – oppsummering.

1. Å skape ein litterær møteplass er ei god grunngeving for å ha ein lesesirkel.
2. Biblioteket kan ha rolle som arrangør eller arrangør og deltakar.
3. Leiaroppgåva bør vere av lyst og kan gå på rundgang om det er aktuelt.
4. Ikkje vent at det kjem mange med ein gong. To kan bli fleire!
5. Ei gruppe, til dømes på Messenger, for informasjon og kommunikasjon er lurt.
6. Vise som arrangør at alle nye er velkomne inn i gruppa.